



## Avtale

Mellan Meland kommune og eigar av gnr 51 bnr 4 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal bygge vassleidning frå Ådland til Landsvik. I samband med anlegget gjev underskrivne grunneigar Meland kommune rett til å leggja vass- og avlaupsleidning på eigedomen. Kommunen vil også leggje ein drenesleiding i grøfta for å betre dreneringa i området. Den aktuelle plasseringa av leidningane er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:750. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til leidningane i anleggstida og tilkomst for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald.
2. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda før VA-anlegg Kårbø-Landsvik bli gjenopprettet i den grad det er mogleg.
3. Påviselege anleggsskadar på grøfter skal utbetrast så langt dette let seg gjera. Skadar som påviseleg skuldast anleggsarbeidet, har ein kommunal garanti på 5 år. Dersom partane ikkje blir einige om skadane er tilstrekkeleg utbетra, skal ein fagperson frå landbruksforvaltninga i kommunen avgjere saka.

Eventuelle andre påviseleg anleggsskadar på bygningar eller liknande skal utbetrast i den grad det er mogleg. Dersom det praktisk ikkje let seg gjera å utbетra skaden på tilfredstillande måte, skal det gjevast vederlag etter minneleg avtale. Dersom det ikkje vert semje om slik avtale, skal det gjevast vederlag etter anleggskadeskjønn.

4. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè og slamavskiljaren må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføra fare for leidningen utan nærmere avtale med Meland kommune. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil leidningen visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegget. Ein føreset at leidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, pløyning og liknande kan utførast over leidningen.
5. Som vederlag for ulempen grunneigaren vert påført ved legginga, bandlegging av arealet og kommunen sin rett til seinare ettersyn, utbetringar og vedlikehald, betalar kommunen ein eingongssum som er sett til følgjande og basert på offisielle gardskart på skogoglandskap.no:

|                                   |                     |
|-----------------------------------|---------------------|
| over full- og overflatedyrka mark | kr 25,- per m grøft |
| over gjødsla beite                | kr 15,- per m grøft |
| over anna jord                    | kr 2,50 per m grøft |

6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen, kan grunneigar, dersom det er ønskeleg, kontakte Meland kommune for felles synfaring.
7. Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane

Stad og dato: Saulsvik 13/8-15

Eigarar av gnr. 51 bnr. 4

Anne Marie Skurtveit

Anne Marie Skurtveit

Personnr: 191039 43607

Stad og dato: Trekhaug 18/8-15



MELAND KOMMUNE  
Meland kommune og kommunalteknikk

Jenny Bastusen

Orgnr: 951 549 770

Sektorsjef teknisk





GBNR 51/4  
Vassleidning Ålland - Landsvik  
Målestokk 1:750  
Meland kommune